



AVTALE OM TILRETTELEGGING OG MERKING AV TURSTIAR

Mellan Leiv Bjarte Mjøs.... som grunneigar av
gnr. 18..... bnr. 5.... i Radøy kommune
og
Radøy kommune

Omfang av avtalen

1. Avtalen er berekna for bruk ved tilrettelegging og merking av turstiar i utmark. Dersom stien kjem inn på innmark, vert dette avtalt i punkt 13.
2. Med turstiar meinar ein her trasear for ferd til fots som er rydda for vegetasjon, men utan, eller med liten, grad av opparbeiding av grunnen. Stiane er til vanleg merka, og bredda er minimum 0,5 m.
3. Tilretteleggaren vert gjeve rett til å legge tilrette og merke turstiar som går fram av vedlagte kart.
4. Tilretteleggaren har rett til å legge gangbaner, klopper og bruer der dette er nødvendig, og til å rydde stien ved å hogge greiner og fjerne kraft. Stien kan ryddast i inntil 2 m bredde mellom trestammane alt etter forholda på staden. Felling av trær krev særskilt samtykke frå grunneigaren.
5. Tilretteleggaren vert gjeven rett til å merke langs stien. Merka kan bestå av maling på trær, på stakar/ palar som er satt ned i bakken eller steinvardar som vert merkt. Skilt og informasjonstavler kan settast opp der det er behov for slike.

Der stien kryssar gjelder som er nødvendige for dyrehald, skal tilretteleggaren sørge for at det vert etablert grind eller gjerdekllyvar.

6. Tilretteleggaren vert gjeven rett til og har ansvar for å vedlikehalda merkinga, stien og dei innretningar som er etablert som ledd i denne. Tilretteleggaren skal då følgje same regler som i pkt. 4 og 5. Tilretteleggaren har ansvar for rydding av søppel.
7. Grunneigaren si utøving av næring vert ikkje avgrensa av avtalen. Før igangsetting av arbeid som vil gjera bruk av stien vanskeleg, skal grunneigar varsle tilretteleggaren, som om nødvendig må sørge for informasjon til brukarane. Om nødvendig vert partane samde om midlertidig omlegging av stien.

Omlegging av stien

8. I avtaleperioden kan både grunneigaren og tilretteleggaren krevje omlegging av stien når det er nødvendig av omsyn til grunneigar eller friluftsbrukarane. Slik omlegging krev semje mellom partane, men samtykke skal ikkje kunne nekta utan sakleg grunn.

Erstatning

9. Det vert ikkje ytt erstatning til grunneigaren for dei tiltak avtalen omfattar. (Der merking og tilrettelegging medfører dokumentert økonomisk tap for grunneigaren, kan det ytast erstatning etter særskilt overeinskomst, som skal gå fram av punkt 13).

Avtaletid/avtalelengde

10. Denne avtalen gjeld i 10 år og vert fornya automatisk for 10 år ad gangen dersom ingen av partane har sagt den opp eitt år før utløp av avtalen.

Opphør

11. Ved opphør av avtalen pliktar tilretteleggaren å fjerne anlegg, skilt og andre innretningar, med mindre anna er avtala.

Samtidig forpliktar tilretteleggaren seg til å avlyse eventuell tinglysing.

Tvistar

12. Eventuelle tvistar om forståing av denne avtalen skal avgjerast ved voldgift iht Lov om voldgift, som trådde i kraft 1.01.2005 (ajourført mars 2005).

Spesielle forhold

13. _____

Bergen, 15 / 7 2016
Jørn Bjørn Hjørn
Grunneigar
Jørn Aabækland
For tilretteleggaren

Tinglysing

Radøy kommune ser ikkje at det er behov for å tinglyse denne avtalen.

Avtalen er anbefalt av Den Norske Turistforening, Friluftsrådenes Landsforbund, Friluftslivets fellesorganisasjon, Norges Fjellstyresamband, Norges Bondelag, Norges Skogeierforbund, Norskog, Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Statskog og Norsk Allmenningsforbund, mai 2003.

Direktoratet for naturforvaltning og Kulturdepartementet har i 2003 godkjent avtalen til bruk i samband med søknad om statlege friluftslivsmidlar og spelemediar.